

Møte nr. 1-2013

Kontrollutvalet i Bjerkreim INNKALLES TIL MØTE 28. januar 2013 kl. 08.30 på Møterom 2

SAKLISTE

Godkjenning av innkalling og saksliste

- 1/13 [Godkjenning av protokoll frå forrige møte](#)
- 2/13 [Rapport frå undersøking- skulemiljøet i Bjerkreim](#)
- 3/13 [Vedr. sak 78/12 - administrasjonens saksutgreiing](#)
- 4/13 [Kontrollutvalets årsmelding for 2012](#)
- 5/13 [Kontrollutvalets årsrekneskap for 2012](#)
- 6/13 [Statusoversikt pr. januar 2013, kontrollutvalets saker](#)

EVENTUELT

REFERAT-/MELDINGSSAKER

- M 1/13 Kommunestyrets behandling av sak: Oppfølging av politiske vedtak 1. halvår 12
- M 2/13 Kommunestyrets behandling av kontrollutvalets årsplan for 2013

Ver grei å melda eventuelt forfall snarast på telefon 51336590, som sms til mobiltlf. 98806776 eller på e-post til postmottak.rks@sandnes.kommune.no

Ved forfall blir varamedlemmer kalla inn særskilt. Medlemmer som meiner seg inhabile, må gi melding om dette slik at varamedlem kan kallast inn..

Evt. saker merka(*Unnateke offentlighet i medhald av off. l.*) sendes bare til medlemmer/varamedlemmer.

Vikeså, 21. januar 2013

Magne Vaule
Leiar av kontrollutvalet

Wencke S: Olsen
sekretariatet

REFERAT-/MELDINGSSAKER

- | | |
|--------|---|
| M 1/13 | Kommunestyrets behandling av sak: Oppfølging av politiske vedtak 1. halvår 12 |
| M 2/13 | Kommunestyrets behandling av kontrollutvalets årsplan for 2013 |
| M 3/13 | Oppsummering av revisjonen 2012 |

**ROGALAND
KONTROLLUTVALGSEKRETARIAT IS**

Arkivsak : 201000100
Arkivkode : E: 049
Saksbeh. : Wencke S. Olsen

Behandles av utvalg: Kontrollutvalget i Bjerkreim	Møtedato 28.01.2013	Utvalgssaksnr. 1 /2013
---	-------------------------------	----------------------------------

GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ FORRIGE MØTE

Protokoll frå kontrollutvalets møte den 26. november 2012 vert lagt fram for kontrollutvalet til endelig godkjenning, sjå vedlegg.

Forslag til

VEDTAK:

Kontrollutvalet i Bjerkreim godkjenner protokoll frå møte den 26. november 2012.

SANDNES, 14/1-2013

Wencke S. Olsen
Daglig leder

Vedlegg:
[Protokoll frå forrige møte](#)

[Tilbake](#)

**ROGALAND
KONTROLLUTVALGSEKRETARIAT IS**

Arkivsak : 201200052
Arkivkode : E: 216
Saksbeh. : Wencke S. Olsen

Behandles av utvalg: Kontrollutvalget i Bjerkreim	Møtedato 28.01.2013	Utvalgssaksnr. 2 /2013
---	-------------------------------	----------------------------------

RAPPORT FRÅ UNDERSØKING- SKULEMILJØET I BJERKREIM

Bakgrunn:

Kontrollutvalet i Bjerkreim bestilte på sitt møte i oktober ei undersøking av skulemiljøet i Bjerkreim. Føremålet med undersøkinga har vore å sjå nærare på mottatt klage fra FAU ved Bjerkreim skole, der FAU hevder at kommunen har unnlatt å følge opp en mobbesak.

Ut frå dette føremålet har kontrollutvalet bedt revisor om å sjå nærare på følgjande problem-stillingar:

- Hvordan har saksgangen vært i disse sakene?
- Har saksbehandlingen vært i tråd med lov og forskrift m.m?
- Har sakene vært behandlet innen rimelig tid, jf. opplæringsloven og forvaltningsloven?
- Hvis sakene ikke har vært behandlet innen rimelig tid, hva er i så fall grunnen til det?
- Hvilke tiltak har kommunen satt i verk på bakgrunn av henvendelsene fra de foresatte? Og når har tiltakene blitt satt inn?

Saksutredning:

Revisor har ved utarbeiding av rapporten registrert i alt ni saker i perioden 2010 – 2012. En av disse er ikkje omtalt då dei berørte ønska å vera anonyme. Fire saker er avklart, mens fire framleis er under behandling/uavklart. Revisor har derfor gått gjennom disse sakene, sjå nærare omtale av den enkelte saka i sjølve rapporten. Kort oppsummert viser rapporten følgjande:

Fylkesmannen har ved tidlegare tilsyn peika på at kommunen ikkje sikrar at saker som gjeld elevanes psykososiale miljø vert behandla etter reglane om enkeltvedtak opplæringslova. Det ser ikkje ut til at praksis er nevneverdig endra etter dette tilsynet, då revisor finn at det sjeldan vert fatta enkeltvedtak i sakene. Dette er eit brot på Opplæringslovas § 9a, 3. ledd.

Kommunen har og for lang saksbehandlingstid i enkelte saker, og det har ikkje blitt gitt foreløpig svar i saker som har tatt lang tid, slik det skal gjerast i høve til i Forvaltningslovas bestemmelsar.

Revisor finn og at skulen ikkje ser ut til å ha oppfylt si rettleiingsplikt i høve til forvaltnings-lova i fleire av sakene.

Revisor peiker og på at det er *elvans oppfatning av skulemiljøet* som skal liggja til grunn for dei vurderingane som vert gjort, noko revisor finn ikkje har vore tilfelle i fleire av sakene.

Revisor peiker og på at i fleire tilfelle er tiltak sett inn for seint. Gjennomgangen tyder og på at føresette/FAU og skulen har svært forskjellige virkeligheetsoppfatningar når det gjeld fleire av sakene. Gjennomgangen tyder og på at både ein del føresette og FAU manglar tillit til skulen.

Revisor finn og fleire positive trekk, der skulen har klart å få til gode tiltak for elevane, slik at skulemiljøet har blitt forbetra.

Dette er eit kort samandrag av funn i rapporten, det vert vist til sjølve rapporten for utdyping.

Revisor foreslår at skulen framover bør:

- Styrka sakbehandlinga når det vert rapport brot på skulemiljøet, slik at desse blir behandla i høve til lovkrav
- Det bør fattast vedtak i høve med alle henstillinger om tiltak vedr. det psykososiale miljøet, i høve til lovkrav
- Skulen bør bli raskare til å handtere henvendelser, følgja desse opp og gi tilbakemelding til føresette
- Det bør setjast inn tiltak umiddelbart når dette er nødvendig, og foreldra bør underrettast om dette, samt gis vidare informasjon om evt. endringar, avslutning osv.
- Skulen bør og sørgja for raskare intern klagebehandling, revisor foreslår her å delegera dette til skulesjefen
- Skulen og kommunen bør vurdere hjelp utanfrå i vanskelige saker
- Eit hovudmål bør vera å gjenoppretta tilliten til skulenes handtering av skulemiljøsaker

Rapporten er ikkje ein forvaltningsrevisjon, men ei undersøking. Dei ovanfor nemnde punkta er derfor forslag frå revisor ut frå det som kjem fram i rapporten, og ikkje anbefalingar på linje med i ein forvaltningsrevisjonsrapport.

Av same grunn (undersøking, ikkje ordinær forvaltningsrevisjon) har rådmannen fått rapporten til gjennomlesing, men har ikkje kommentert den.

Kontrollutvalet innstiller til kommunestyret å fatta slikt

VEDTAK:

- Kommunestyret i Bjerkreim tar den framlagde rapporten frå undersøkinga ang. skulemiljøet i Bjerkreim til etterretning.
- Rapporten vert oversend rådmannen, som bes om å ta stilling til dei tiltaka som vert føreslått frå revisor, med spesielt fokus på dei påviste lovbrota.
- Oversikt over korleis rådmannen har følggt opp føreslåtte tiltak i rapporten vert send kommunestyret via kontrollutvalet ca. 6 mnd. etter at rapporten er vedtatt i kommunestyret.

SANDNES, 21/1-2013

Wencke S. Olsen
Daglig leder

Vedlegg:
[Rapport frå undersøkinga](#)

[Tilbake](#)

**ROGALAND
KONTROLLUTVALGSEKRETARIAT IS**

Arkivsak : 200900034
Arkivkode : E: 047
Saksbeh. : Wencke S. Olsen

Behandles av utvalg: Kontrollutvalget i Bjerkreim	Møtedato 28.01.2013	Utvalgssaksnr. 3 / 2013
---	-------------------------------	-----------------------------------

**VEDR. KOMMUNESTYRESAK 78/12 - ADMINISTRASJONENS
SAKSUTGREIING**

Bakgrunn:

I kommunestyremøte den 12.12.12 sette representanten Børge Vassbø fram følgjande forslag:

Sak 078/12 blir sendt til kontrollutvalet for vurdering av om kontrollutvalet er tilfreds med saksgang og handsaming. Dersom kontrollutvalet ikkje er nøgd blir ev. saka lagt fram for kommunestyret på nytt.

Forslaget fekk 13 stemmer og blei vedtatt.

Saksutredning:

Sak 78/12 omhandlar Tilstandsrapport for grunnskulen 2012. Dette er ein rapport som alle kommunar som skuleeigarar er pålagde å utarbeida årleg etter en fastsett mal.

Kommunestyret har tidlegare behandla sak 22/12: ***Oversendelse fra kontrollutvalget vedrørende psykososialt miljø i skulen***, der kommunestyret fatta følgjande vedtak:

Saken utsettes.

Etter pålegg fra Fylkesmannen er Senter for atferdsforskning engasjert for å gi faglig bistand i klagesaken som har vært til behandling hos Fylkesmannen. Når dette er utført vil en be rådmannen legge frem en sak for kommunestyret der en også ber skolene legge frem sine planer og arbeidsmetoder mot mobbing.

Ifølgje administrasjonen er den årlege rapporteringa som går fram av sak 78/12 ei tilbakemelding/oppfølging av kommunestyret sitt vedtak i sak 22/12.

Denne saka vert lagt fram for kontrollutvalet utan forslag til vedtak. Kontrollutvalet bes imidlertid om – i høve med kommestyrets vedtak – å ta stilling til om ein anser den tilbakemeldinga som er gitt via den årlege tilsynsrapporten for grunnskulen i sak 27/12 å vera ei tilfredsstillande tilbakemelding i høve til kommunestyrets vedtak i sak 22/12.

Forslag til

VEDTAK:

Saka vert lagt fram utan forslag til vedtak.

SANDNES, 21/1-2013

Wencke S. Olsen
Daglig leder

Vedlegg:

1. Kommunestyrevedtak i sak 22/12
2. Saksutgreiing med vedlegg – kommunestyresak 27/12

[Tilbake](#)

**ROGALAND
KONTROLLUTVALGSEKRETARIAT IS**

Arkivsak : 200800154
Arkivkode : E: 033
Saksbeh. : Wencke S. Olsen

Behandles av utvalg: Kontrollutvalget i Bjerkreim	Møtedato 28.01.2013	Utvalgssaksnr. 4 /2013
---	-------------------------------	----------------------------------

KONTROLLUTVALETS ÅRSMELDING FOR 2012

Bakgrunn

Kontrollutvalets årsmelding skal oppsummera kontrollutvalets arbeid i året som har gått. Sekretariatet har utarbeidd forslag til årsmelding for 2012 for kontrollutvalet i Bjerkreim.

Saksutredning

I forhold til årsplan for 2012 er kontrollutvalets mål i det alt vesentligaste oppfylt.

Det vert elles vist til vedlagte årsmelding for 2012. Eventuelle endringar som måtte koma fram på møtet vil bli innarbeidd i årsmeldinga av sekretariatet før den vert vidaresend kommunestyret til orientering.

Forslag til

VEDTAK:

- [Kontrollutvalet i Bjerkreim vedtar det framlagte forslaget til årsmelding for 2012.](#)
- [Årsmeldinga vert oversend kommunestyret i Bjerkreim til orientering.](#)

SANDNES, 15.01.2013

Wencke S. Olsen
sekretariatsleder

Vedlegg:
[Årsmelding 2012](#)

[Tilbake](#)

**ROGALAND
KONTROLLUTVALGSEKRETARIAT IS**

Arkivsak : 200800203
Arkivkode : E: 212
Saksbeh. : Wencke S. Olsen

Behandles av utvalg: Kontrollutvalget i Bjerkreim	Møtedato 28.01.2013	Utvalgssaksnr. 5 /2013
---	-------------------------------	----------------------------------

KONTROLLUTVALETS ÅRSREGNSKAP FOR 2012

Bakgrunn:

Kontrollutvalet har iflg. Forskrift for kontrollutvalg § 18 ansvar for å fremma forslag til budsjett for kontroll og tilsynsarbeidet i kommunen. Det medføre at utvalet òg har eit oppfølgingsansvar knytt til kontrollutvalets rekneskap.

Saksutredning:

Rekneskapet er delt inn i 3 delar: Utgifter knytt til kontrollutvalet sjølv, utgifter til sekretariat og utgifter til revisjon.

Når det gjeld utgifter til kontrollutvalet, er det eit mindreforbruk på ca. 12%. Det er og eit mindreforbruk på utgifter til sekretariat, der ca. 97% av budsjettet er brukt. Dette skuldast tilbakebetaling etter at rekneskapen for 2011 vart lagt fram med overskot. I tillegg er budsjettforslag for 2012 redusert av kommunestyret når det gjeld betaling for tenester frå dei selskapa der kommunen er medeigar/medlem (revisjon og sekretariat).

Utgifter til revisjon har eit større meirforbruk, då det er brukt godt 36% meir en budsjettet. Ifølgje revisor skuldast dette meirforbruket i hovudsak den bestilte undersøkinga ang. skulemiljøet, som i stor grad har blitt ferdigstilt i 2012.

Samla sett viser kommunerekneskapen for 2012 at kontrollutvalet har eit meirforbruk på ca 22%. Dette skuldast i sin heilhet undersøkinga ang. skulemiljøet, då det er mindreforbruk på dei andre områda.

Forslag til

VEDTAK:

[Kontrollutvalet i Bjerkreim tar oversikt over årsrekneskapet for kontrollutvalets budsjett 2012 til orientering.](#)

SANDNES, 22.01.2013

Wencke S. Olsen
Skr.leder

Vedlegg:
[Rekneskapsoversikter](#)

[Tilbake](#)

**ROGALAND
KONTROLLUTVALGSEKRETARIAT IS**

Arkivsak : 200800150
Arkivkode : E: 216
Saksbeh. : Wencke S. Olsen

Behandles av utvalg: Kontrollutvalget i Bjerkreim	Møtedato 28.01.2013	Utvalgssaksnr. 6 /2013
---	-------------------------------	----------------------------------

**STATUSOVERSIKT PR. JANUAR 2013, KONTROLLUTVALETS
SAKER**

Bakgrunn:

Kontrollutvalet får til kvart møte oversikt over status på bestilte prosjekt og kontrollar, samt andre saker kontrollutvalet har tatt opp til handsaming. Oversikta inneheld og kva for ferdigstilte prosjekt som har vorte behandla og sendt over til kommunen, når desse skal følgjast opp og oversikt over kva for prosjekt som er heilt ferdigbehandla. Til slutt kjem ei oversikt over andre saker.

Saksutgreiing:

I oversikta finst det ei kolonne som viser når revisor ventar å vera ferdig med den enkelte rapporten kontrollutvalet har bestilt. Denne er oppdatert etter siste mottatte oversikt frå Rogaland Revisjon. Til dette møtet ligg rapport frå undersøking ang. skulemiljøet i Bjerkreim føre til behandling.

Forslag til

VEDTAK:

Kontrollutvalet i Bjerkreim tar statusoversikten for januar 2013 til orientering.

SANDNES, 21. januar 2013

Wencke S. Olsen
Daglig leder

Vedlegg:
[Statusoversikt pr. januar](#)

[Tilbake](#)